# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 3 JUNI 2006 39. ÅRG.




# Flygel på plass i Ytre Arna kyrkje

# På bunnen av ei elv



Tanker av Olav Vikse

For ei tid tilbake hørte vi på nyhetene at en 12 år gammel gutt var savnet. Samme ettermiddag ble han funnet. Druknet på tre meter dyp like i nærheten av hjemmet.
En tragedie. Det grøsser i oss. Hvem kan leve videre etter noe slikt?
Disse stakkar foreldrene har opplevd det før. Å miste i drukning; to søstre, 10 og 12 år gamle.
Foreldrene tror på Gud, er det vi kaller personlig kristne.
Er de det fremdeles? Etter alt dette?
Hvordan kan Gud la tre søsken drukne?
Jeg vet ikke. JEG VET IKKE! De som sier de vet, lyver.
Og de som prøver å trøste med å be foreldrene glede seg over de to barna de har tilbake, legger stein til børa. Det går ikke an å glede seg mens du står ved tre gravsteiner. Ikke i dag, ikke i framtiden.
Noen sier smerten avtar med årene.
Om noen sier at Gud har forlatt dem lyver de.

Og viss noen sier at den som tror på Gud skal få et lettere liv, lyver de.
Mange mennesker skrår over gaten når de møter noen som sørger, av mangel på ord.
Men gjør ikke det!
Vær til for dem som sørger!
Kom ikke med havet for deres tørste.
Sitt stille. Stå stille. Du trenger ikke si noe.
For livet har ikke ord.

"Midt i alt det meningsløse som vi møter her på jorden, blir vårt hjertes skrik til bønn.
Gud, vi roper: Om du finnes, finn oss, redd oss når vi synker
I vårt eget tomhets mørke."

*Svein Ellingsen i Salmer - 97*

## Ny sorggruppe i Arna

I august startar vi igjen opp med sorggruppe i Arna. Dette er eit tilbod til deg som opplever sorg etter å ha misst eit menneske som stod deg nær, og som ynskjer å møta andre som er i same situasjon.
Ei sorggruppe har mellom 5 og 8 deltakarar i tillegg til 2 leiarar. Deltakarane vil fylgja kvarandre over 10 kveldar (kvar 14. dag). Dette er fjerde gongen vi skipar til sorggruppe i Arna. I ei sorggruppe deler ein erfaringar med kvarandre, og lærer av kvarandre korleis ein kan leva med sorga. Sorg som vert teken på alvor, kan bli til ein ressurs for livet vidare.
Alle som føler behov for det, er velkomne som deltakarar. Vi tilrår at ein let det gå minst 3 månader frå dødsfallet - til ein begynner i ei sorggruppe; det kan gjerne gå meir enn eit halvt år. Dei familiane som har opplevd dødsfall i perioden frå oktober 2005 til mars 2006 vil få skriftleg invitasjon.
Det er Kolbein Kolnes, Trengereid, og Ingrid Hope, Espeland som leiar sorggruppa.
For informasjon og påmelding, ta kontakt med kyrkjekontoret/ Jan Kåre Jakobsen tlf 55 36 22 74.



# Nytt felles menighetsblad

## for Arna og Åsane prosti.

Det er ikke alle som har et menighetsblad som er så godt og så leseverdig som de ønsker at det skulle være. Heller ikke i vårt prosti. En måte å forsøke å få til en endring til det bedre på, er ved å samle ressursene.
I en prøveperiode, vil menighetsrådene i prostiet gjøre dette.
Til høsten vil det komme et menighetsblad som er laget i fellesskap mellom menighetene.
Det innebærer at hver menighet får et blad som er deres på utsiden, men i bladet, som vil være på 16 sider, vil omtrent halvparten være stoff av felles interesse. Bladet vil ha en redaktør i 25-30 % stilling og hver menighet stiller med en lokal redaksjon på tre personer. En fra hver lokalredaksjon er med i sluttarbeidet for å gjøre ferdig bladet.
I tillegg vil bladet ha et styre med medlemmer oppnevnt av hvert menighetsråd.
Det satses på 6 nummer i året, men i høst blir det kanskje bare 2 nummer. Det første i september.

Det vil bli utlyst stilling som redaktør på A-etat sine sider samt lokalt i menighetene i overgangen mai – juni. Se etter selv om du er interessert eller fortell om det til andre som du aner kan ha interesse og anlegg for dette. Redaktøren vil bli tilsatt snarest slik at tidsplanen for første blad i september kan gjennomføres.
Takk for alle som tar dette viktige arbeidet med i sine bønner.
Takk også for gaver til prosjektet. Penger kan sendes ditt lokale menighetsblad.

*Trond Wathne*
*fungerende prost*

*Tove Margrete Nordmark*
*prostileder*

*Vi minner om*

**SMÅBARNTREFF**

i Kyrkjelydshuset onsdag 31. mai og 14. juni kl. 11.00. Alle som er heime med småbarn, dagmamma, besteforeldre osv. er hjarteleg velkomne til leik, sang og sosialt samvær - ta med matpakke så et vi førmiddagsmat saman.

**MEDARBEIDARFEST**

I YTRE ARNA KYRKJELYDSHUS
FREDAG 1 SEPTEMBER.

Her inviterer vi alle frivillige medarbeidara i kyrkjelyden til ei samling med god mat og god prat for å visa at vi set stor pris på dykk alle.
Variert program.
Vi får blant anna sjå og høyra kva dei 5 frå Ytre Arna som reiste til Mali hausten 2005 fekk oppleva.

## Redaktør

I forbindelse med innføring av nytt felles menighetsblad i Arna og Åsane prosti, søkes det etter redaktør i 25-30% stilling. Utlysningen er med forbehold om at den nye ordningen godkjennes av den enkelte menighet.

Redaktøren vil ha ansvar for å produsere stoff til fellesdelen og ansvar for redaksjon av hele bladet.
De lokale redaksjonene vil ha ansvar for lokalt stoff til menighetsdelen.

Ordningen med felles menighetsblad vil i første omgang være en prøveordning på 3 år.
**Lønn etter avtale.**
Søker må være medlem av Den norske kirke.

*Søknad sendes prostikontoret for Arna og Åsane prosti, Åsamyrane 76, 5116 Ulset, innen 15.06.2006.*
Spørsmål om stillingen kan rettes til prostileder Tove Margrete Nordmark, tlf 55597161 eller styreleder for det nye menighetsbladet, Karsten Epland, mob 91335877.



# Dåpsskulen i Arna

## våren 2006

Før påske var barn som fyller 6 år i år innbedne til dåpsskule. Den starta med ei gudsteneste der barna fekk utdelt kvar si bok, deretter deltok dei på to samlingar. Påskebudskapet stod sentralt i opplegget, og Mia hadde eit flott dokketeater som viste påsken sitt innhald dag for dag. Barna lagde påskesol-kalender og lærte fleire nye songar. Dei fekk også omvisning i kyrkja for å bli betre kjent med kyrkjerommet. Samlingane slutta med felles måltid og ei koseleg pratestund. Dåpsskulen vart avslutta med ei gudsteneste der barna tok aktivt del med prosesjon, som forsongarar og som medhjelparar i preika der Jan Kåre visualiserte det fantastiske som skjedde påskemorgon.

Dåpsopplæringsutvalet takkar supre 6-åringar og positive foreldre for frammøte - de var ein flott gjeng å bli kjent med!









Flygel på plass i Ytre Arna kyrkje:

# "Det e' berre så bra!"

Bjørn Bergmann, organist i Ytre Arna, legg ikkje skjul på at han kosar seg på flygelkrakken. I slutten av april kom eit flunkande nytt Yamaha-flygel på plass i kyrkja.

Og Bjørn Bergmann har mykje av æra for at det vart akkurat denne modellen som vart vald, eit Yamaha C7 på 227 cm.

– Du kan aldri sjå på eit instrument om det er eit godt instrument. Du må prøve kvart enkelt eksemplar, kvart flygel har sin eigen klang og sine eigne nyansar, seier Bjørn, akkurat slik som vi ser Wesseltoft prøve klangen i ulike flygel i reklamen for Jarlsbergost som går på TV for tida.

Første gongen Bergmann høyrde akkurat dette flygelet, var då det vart utlånt frå Bergen pianoforretning til Ungdommens musikkmesterskap i 2005 i Bergen, og der og då fekk han augo opp for den flotte klangen i Yamaha-flygel.

Då det seinare viste seg at det kunne bli aktuelt med flygel i Ytre Arna kyrkje, prøvde han både Schimmel og Petrof, men då han sette seg til dette flygelet, var han ikkje lenger i tvil.

– Det er det beste eg nokon gong har spelt på, seier han. Det utmerkar seg med ei ungdommeleg friskheit. Det er godt å spele på, det har ein presis og behageleg mekanikk, og flygelet eignar seg like godt til klassisk musikk og song som til gospel og frisk ungdomsmusikk.

Og han er ikkje åleine om å tenke vel om denne modellen. Grieghallen kjøpte to slike flygel i fjor, Griegakademiet har kjøpt eitt, og Bergen kunstmuseum har bestilt eitt.

No ventar vi berre på det nye digitale orgelet som i desse dagar er på veg frå Nederland til Ytre Arna. Trappeavsatsane på galleriet blir ombygde for å passe med den nye plasseringa av orgelet, og i løpet at juni månad vonar vi at det heile skal stå ferdig. Då kan både kyrkjelyden og heile kulturlivet i bygda glede seg over to flotte instrument. Dei skal berike gudstenestelivet og kyrkja som gudshus og bønehus, og vi trur dei vil gjere Ytre Arna kyrkje til eit attraktivt konsertlokale, både for lokale musikkrefter og tilreisande musikarar.

*AM*



# KYRKJESKYSS



**Sommer 2006**

**ARNATVEIT / INDRE ARNA / YTRE-ARNA-VEGEN**

| | |
|---|---|
| 04.06.06 Jostein Monstad | 55 24 32 20 |
| 11.06.06 Odd Kjos | 55 24 17 82 |
| 18.06.06 Erling Osland | 55 24 09 34 |
| 25.06.06 Jostein Monstad | 55 24 32 20 |
| 02.07.06 Odd Kjos | 55 24 17 82 |
| 16.07.06 Erling Osland | 55 24 09 34 |
| 23.07.06 Jostein Monstad | 55 24 32 20 |
| 06.08.06 Odd Kjos | 55 24 17 82 |
| 20.08.06 Erling Osland | 55 24 09 34 |
| 27.08.06 Jostein Monstad | 55 24 32 20 |
| 03.09.06 Odd Kjos | 55 24 17 82 |
| 10.09.06 Erling Osland | 55 24 09 34 |
| 17.09.06 Jostein Monstad | 55 24 32 20 |
| 24.09.06 Odd Kjos | 55 24 17 82 |
| 01.10.06 Erling Osland | 55 24 09 34 |
| 08.10.06 Jostein Monstad | 55 24 32 20 |
| 15.10.06 Odd Kjos | 55 24 17 82 |
| 22.10.06 Erling Osland | 55 24 09 34 |
| 29.10.06 Jostein Monstad | 55 24 32 20 |

**HAUKELAND**

| | |
|---|---|
| 04.06.06 Sverre Myklebust | 55 24 29 05 |
| 11.06.06 Ingrid Hope | 55 95 01 11 |
| 18.06.06 Gerd Borge | 55 24 17 44 |
| 25.06.06 Olaug Lyhammer | 55 24 00 21 |
| 02.07.06 Sverre Myklebust | 55 24 29 05 |
| 16.07.06 Ingrid Hope | 55 95 01 11 |
| 23.07.06 Gerd Borge | 55 24 17 44 |
| 06.08.06 Olaug Lyhammer | 55 24 00 21 |
| 20.08.06 Sverre Myklebust | 55 24 29 05 |
| 27.08.06 Ingrid Hope | 55 95 01 11 |
| 03.09.06 Gerd Borge | 55 24 17 44 |
| 10.09.06 Olaug Lyhammer | 55 24 00 21 |
| 17.09.06 Sverre Myklebust | 55 24 29 05 |
| 24.09.06 Ingrid Hope | 55 95 01 11 |
| 01.10.06 Gerd Borge | 55 24 17 44 |
| 08.10.06 Olaug Lyhammer | 55 24 00 21 |
| 15.10.06 Sverre Myklebust | 55 24 29 05 |
| 22.10.06 Ingrid Hope | 55 95 01 11 |
| 29.10.06 Gerd Borge | 55 24 17 44 |

**TUNES / GARNES**

| | |
|---|---|
| 04.06.06 Ragnar Aabrekk | 55 24 25 27 |
| 11.06.06 Kari Claussen | 55 24 12 20 |
| 18.06.06 Malvin Klementsen | 55 24 29 56 |
| 25.06.06 Ragnar Aabrekk | 55 24 25 27 |
| 02.07.06 Leidulf Almenning | 55 24 25 52 |
| 16.07.06 Kari Claussen | 55 24 12 20 |
| 23.07.06 Malvin Klementsen | 55 24 29 56 |
| 06.08.06 Ragnar Aabrekk | 55 24 25 27 |
| 20.08.06 Leidulf Almenning | 55 24 25 52 |
| 27.08.06 Kari Claussen | 55 24 12 20 |
| 03.09.06 Malvin Klementsen | 55 24 29 56 |
| 10.09.06 Ragnar Aabrekk | 55 24 25 27 |
| 17.09.06 Leidulf Almenning | 55 24 25 52 |
| 24.09.06 Kari Claussen | 55 24 12 20 |
| 01.10.06 Malvin Klementsen | 55 24 29 56 |
| 08.10.06 Ragnar Aabrekk | 55 24 25 27 |
| 15.10.06 Leidulf Almenning | 55 24 25 52 |
| 22.10.06 Kari Claussen | 55 24 12 20 |
| 29.10.06 Malvin Klementsen | 55 24 29 56 |

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Kirkens SOS trenger flere frivillige medarbeidere til krisetelefonen, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering.
Kurset går på mandagskvelder med **kursstart 18. september 2006.** Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.
For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd".
Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap!
Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.
*Du finner mer informasjon på www.kirkens-sos.no*

**Kirkens SOS**
i Bjørgvin



# Et konfirmantår er forbi...

Arna kyrkjelyd har vært velsignet med 112 fantastiske konfirmanter dette året. Konfirmantene har fått undervisning, noen har vært på leir, noen har vært med i Ten Sing, noen har drevet med dans, drama, idrett, diakoni, kafé, forming og data. Vi har et allsidig tilbud til konfirmantene våre. De har opplevd forskjellige ting og sitter igjen med forskjellige inntrykk. Noen er kanskje glad det er over, andre vil kanskje savne konfirmasjonstiden. Med så mange konfirmanter i menigheten har jeg dessverre ikke klart å bli kjent med alle sammen. Noen har jeg fått kontakt med og blitt veldig glad i, men jeg har en omsorg for dem alle og det vet jeg resten av menigheten har også. Konfirmantene skal vite det at de er blitt bedt for. Ikke bare den ene gangen i kirken på konfirmasjonsdagen, men gjennom hele året av folk i Arna. Jeg håper året har gitt konfirmantene noe og vi må alle fremdeles huske på dem i våre bønner.

Vi er nå klare for å ta imot neste års konfirmanter og kan i alt styret glemme dem vi allerede har konfirmert, men det må vi ikke. Vi som kirke ønsker ikke at konfirmantene skal se seg ferdige med kirka etter konfirmasjonen. Nei konfirmasjonen bør heller ses på som en begynnelse i kirkas videre ungdomsarbeid og menighetsliv.

Jeg vil nå benytte anledningen å minne ungdommer i Arna på det tilbudet kirka og andre kristne har til dere her. Vi har Ten Sing på torsdager, Nattcafé første lørdagen i hver måned, KRIK hver lørdag på ungdomsskolen og Fredagskaféen på Lone. Hver søndag er det gudstjeneste og dere skal vite det at dere er hjertelig velkommen. Vi kan bruke frasen til Hotell Cæsar: "Kirka, et hjem for deg, et hjem for oss".

God sommer alle sammen og vel møtt i kirka!

***M.K.***

# Imponerende!



**Torsdag 27. april** inntok 19 sanglade mennesker Ytre Arna kyrkje. Musikklinja ved **Bibelskolen i Grimstad** var på linjeturne, og hadde valgt å legge turen innom Vestlandets perle. De fremmøtte fikk høre et variert repertoar fra en gjeng med gledesspredere. Konserten ble også første mulighet til å høre kirkens nye flygel. Ungdomskorene **"Keryx"** og **"Koret på Sporet"** var også til stede. De øvde inn et fellesnummer sammen med Bibelskolen, som de fremførte på konserten. Tilhørerne ble imponert over det de fikk høre, og komplementene satt løst i etterkant. En del ungdommer ga også utrykk for at de kunne tenke seg å begynne på Bibelskolen i Grimstad. Kunne du tenke deg et år på skolen, eller ønsker du å vite mer? Da kan du gå inn på www.bibelskolen.no og lese mer om muligheter for et fantastisk år.

***Vi gir konserten terningkast:***



# Minner frå eit konfirmantår i Ytre Arna

Så var det over. Eitt år saman med 28 viltre, sjarmerande, masete, nyssgjerrige, sprelske, sanningssøkande, opne, snille og for det aller meste glade konfirmantar. Det er alltid like spanande kvart år når vi møter eit nytt kull, korleis skal dette gå???



Vi har hatt eit fint år saman. Annankvar onsdag sidan slutten av august og fram til konfirmasjonen har vi vore samla i kyrkjelydshuset til song, undervisning, samtale i grupper og eit enkelt måltid.

I tillegg har alle konfirmantane delteke i ei av aktivitetsgruppene: Koret på Sporet, KRIK (Kristen Idrettskontakt), Ten-Klubben eller friluftsgruppa.

Week-Enden på Wallemtunet brukar å vere eit høgdepunkt i konfirmantåret. I år var det vått og kaldt ute, men vi hadde det varmt og godt inne, og fekk oppleve mykje fint saman, både i møter og gudsteneste og i leik og moro.

Så har konfirmantane gått frå dør til dør under fasteaksjonen i april. Godt over 15000 kroner vart samla inn til Kirkens Nødhjelp og arbeidet for å hjelpe ungdom i krigsherja område. Godt jobba.

Takk til dykk konfirmantane for alt godt vi har hatt i lag i år. Takk også til alle konfirmantleiarane (9 stykk + nokre fleire på Week-End). Utan dei hadde det ikkje blitt på langt nær så bra opplegg.

Vi håpar at de har hatt det kjekt, at de har lært, at trua har modnast, at Jesus har blitt viktigare for dykk gjennom dette året. Gjennom året har de lært vegen til kyrkje, ungdomskor, KRIK og Ten-klubb. Bruk den vegen ofte vidare i ungdomsåra!
Gode helsingar frå Arne Mulen og dei andre konfirmantleiarane.





Jepp, dei er kliss våte...



Full konsentrasjon







Tryllekunstneren "Ruben"



Dei framfører sin eigen komposisjon "Wallemtun, Wallemtun"







# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn**
02.04. MALIN GARNES
02.04. MIA KLUNGRESETH ENDRESEN
02.04. JOACHIM SCHÜTZ NYBROT
02.04. THEODOR BORGE BESSESEN
02.04. EIRIK TUNESTVEIT
02.04. KRISTINE KLEIVELAND
02.04. HELENE WILHELMSEN IDEN
02.04. INGELIN BØTHUN OLSEN
16.04. PETTER VEBERG SKJELDAL
16.04. JOHAN PAULSEN VALDEMARSON
16.04. STIAN LUDVIGSEN
16.04. LENA ELISABETH STOREVIK
23.04. LUCAS NILSEN
23.04. AURORA STRAUME-KARLSEN
23.04. SANDER LEKVEN STOKKE
23.04. MAGNUS TRENGEREID STRAUME
23.04. ERLEND SVENSSON
23.04. EMILIE KVAM HOLMEFJORD
23.04. LINNÉA FOSSO VALLAND
21.05. KASPER SYVERTSEN
21.05. SARAH SUNDE MJELSTAD
21.05. MARION BØRVE

**Ytre Arna sokn**
02.04. EGIL ANDREAS BLOMDAL HAUKAAS
16.04. SYNNØVE NÆVDAL THOMSEN
16.04. ROY BAKKE NESBØ
16.04. ARILD BAKKE NESBØ
16.04. HANNE BAKKE NESBØ
16.04. SILJE BAKKE NESBØ
21.05. TOBIAS HAUGLAND KROGENÆS
21.05. TARA HAUGLAND KROGENÆS



## Vigde

12.04. INGRID MARGRETE MYHR OG JOHNNY BLOMVÅGNES HANSEN
22.04. NORA KRISTIN GARNES OG HARALD FROESTAD
20.05. INA TERESE RAAD OG LEIF KENNETH OEN

## Døde

**Arna sokn**
29.03. KONRAD NICOLAI FLORVÅG
31.03. INGEBORG BERTINE SUNDØY
05.04. EINAR SEVERIN AASHEIM
10.04. MARIA TUNES
12.04. AAGE JOHANNES SCHMIDT
28.04. INGEBORG HARTVEIT
09.05. BJØRN ROGNE IVERSEN
09.05. SOLVEIG MARGRETE TORBJØRNSEN
12.05. ØYVINN BORGE STEPHANSEN
12.05. KAREN STORHEIM
12.05. MAGNHILD BORGE

**Ytre Arna sokn**
05.04. ODDFRED DALE
06.04. PER MARIUS SÆLE
05.05. REIDAR JOHANSEN
19.05. ODD JOHAN HANSEN
23.05. JAN FREDRIK SKORPEN


**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN
**Redaktøransvar dette nummer:** Benthe Vevle Birkeland.
**Redaksjonsnemnd:** Tor O. Holmefjord
**Bladpengar:** Kr. 100,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr.: 7877 06 96991.
Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen




## Kyrkjelydstur til Hålandsdalen 2.sept. 2006.

Bussen startar frå Arna terminal kl.9.oo og køyrer gamlevegen til Takvam.

Kl.11.oo Hålandsdalen gamle kyrkje.
Vi får historikken om kyrkja
Gudsteneste v/Jan Kåre Jakobsen

Hålandsdalen leirskule.
Omvising.

Lunch på Eidegrend Klyngetun.
Suppe. Kaffi med Hålandsdalslefse.

Omvisning på Klyngetunet.

Turen kostar ca. 400 kr alt etter kor mange vi vert, og om vi reiser om Nordheimsund heimatt.
Alt er da medrekna: Bussturen, guidar, mat m.m.
**Påmelding til kyrkjekontoret 55597165** (Benthe Birkeland) eller til
**Ragnar Aabrekk 55242527** før 20.aug.

*Vel møtt!*
*Nemnda for Takvam kapell.*

## Olsokfeiring på Takvam 29. juli kl.19.00.

Gudsteneste
v/sokneprest Jan Kåre Jakobsen
Gjester frå Haraldsplass
Takkoffer til Sunniva Hospice

Etter gudstenesten vert det grilling og div.program.
Olsokbål i fjøra.

*Hjarteleg velkomne!*
*Nemnda for Takvam kapell.*

## *Dei tilsette i kyrkjelydane*

***Sokneprest Jan Kåre Jakobsen***
**Ådnav. 15, 5260 Indre Arna**
**Tlf. 55 24 06 86**
**Tlf. 55 36 22 74 (kontor)**

***Kapellan Arne Mulen***
**Gamlevegen 8 - 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 25 73 92**
**Tlf. 55 36 22 75 (kontor)**

***Kateket***
**Erik Rodal**
**Stuajordet 31, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 00 41**
**Tlf. 55 36 22 72 (kontor)**

***Kateket***
**Mia Krüger**
**Neset 49, 5267 Espeland**
**Tlf. 98 81 08 75**
**Tlf. 55 36 22 77 (kontor)**

***Ungdomsarbeidar***
**Jarle Myksvoll**
**97 77 61 10**

***Ungdomsarbeidar Arna***
**Margreta Straume**
**Tlf. 99 03 66 84**

***Ungdomsarbeidar***
**Hilde Grøteide**
**Tlf 976 61 205**

***Eitt-åring i Ytre Arna***
**Arne Vesetvik**
**tlf. 90 95 33 76**

***Kyrkelydskonsulent***
**Benthe Vevle Birkeland**
**Tlf. 55 59 71 65**

**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen.** E-mail: arna.menighet@bkf.no
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.
**Kontortid:** Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

**Soknerådsleiar Ytre Arna:** Tor Oddvar Holmefjord
**Soknerådsleiar Arna:** Ingmar Ljones

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

Nytt misjonsprosjekt for Ytre Arna:

# SAT-7



*Frå SAT-7 sitt studio for dubbing av filmar til arabisk.*

SAT-7 sender kristne TV-program på arabisk over satellitt til Midtausten og Nord-Afrika, eit område med 460 millionar innbyggarar. I Midtausten har 8 av 10 husstandar parabolantenne, og 98% har eit TV-apparat. Dette viktige arbeidet vil vi i Ytre Arna kyrkjelyd støtte gjennom gjevarteneste og forbøn.

Ei mengde kyrkjer og organisasjonar står bak denne TV-kanalen som sender og produserer kvalitetsprogram med kristen profil. Berre 2% av befolkninga er kristen, og gjennom desse sendingane får dei kristne eit godt TV-tilbod for sin eigen del, og ikkje minst høve til å vitne om si tru og sine verdiar for den store muslimske befolkninga i området. Programma tek omsyn kulturelle og religiøse forhold i regionen. Kanalen sender barne- og ungdomsprogram, kristen musikk, talk-show, bibelundervisning, dokumentarfilmar, nyheiter og undervisning.
Særleg har barneprogrammet As Sanabel blitt populært blant mange. Ein av regissørane bak Sesame Street (som i Noreg blei til Sesam Stasjon) har hjelpt teamet bak As Sanabel å vidareutvikle programmet, og han er tydeleg imponert: *"Det finnest ingenting som kan samanliknast med As Sanabel i Midtausten."* Programmet går på lufta 60 minutt 7 dagar i veka.
Frå ein forsiktig start i 1996 med to timars sendetid i veka, sender kanalen i dag over 80 timar i veka. 70% av programma vert produserte i Midtausten.
Tilbakemeldingane tyder på at sendingane vert verdsette, både av kristne og ikkje-kristne: *"Programma dykkar er ei kjelde til velsigning for oss. Vi ber om at Gud må velsigne SAT-7. Vi er ei gruppe kristne som verkeleg treng SAT-7 fordi vi korkje har kyrkje eller pastor. Be for vårt land og om at Gud må skal gje oss ei kyrkje her."* (Kvinne frå Irak)

*"Takk for at de sender korn av kjærleik, fred og fridom til heile den arabiske verda... ...Den eigentlege grunnen til at eg ser på SAT-7 er den åndelege freden eg kjenner når eg ser på dei gode programma dykkar"* (Mann frå Algerie)

*"SAT-7 har vore mitt førstevalg heilt sidan eg kom over kanalen. Sendingane gjev meg ein kjærleik til Jesus Kristus, eg kjem nærmare han kvar dag. Eg vil lære meir om Jesu liv."* (Mann frå Algerie)

Les meir om SAT-7 på www.sat7.org

Ytre Arna kyrkjelyd har no to misjonsprosjekt. Vi har i fleire år støtta misjonsarbeidet blant Malinkéfolket i Mali, og skal sjølvsagt halde fram med det. Vi vil vere ein misjonerande kyrkjelyd som aktivt tek del i arbeidet med å gjere Jesus kjend blant alle folkeslag. Ver med å be for arbeidet. Når du gjev til kyrkjelyden, går 10% vidare til misjonsprosjekta våre.

***Arne Mulen***



*Bilde frå ein serie program retta mot handikappa born i Midtausten. Målet er å heve deira status og få til ei haldningsendring overfor handikappa barn i regionen.*



Tilbygg til Arna kyrkjelydshus snart ferdig

# - Endeleg komplett kyrkjelydshus!



- Huset har vore meir i bruk enn dei mest dristige og optimistiske prognosane antyda. Ja, huset er så mykje i bruk at det har vore vanskeleg å utføra dugnadsarbeid utan at det er nokon som blir forstyrra!

Det er Ingmar Ljones, som seier dette til kyrkjelydsbladet. Han er leiar i byggekomiteen for Arna kyrkjelydshus. *Det* var han òg då huset vart bygd i 1988-91. I vinter har nye 37 m² blitt lagde til kyrkjelydshuset – mot sør. Alt arbeidet har skjedd på dugnad. Tilbygget gir god lagerplass for stolar og bord, toalett lagt til rette for funksjonshemma også i den delen av bygget, og ei god trapp opp til loftet der dei faste brukarane av huset kan få god lagerplass til ting som dei må ha lett tilgang til.
Huset har no ei samla grunnflate på ca. 390 m².
- Var ikkje huset stort nok som det var?
- Ein skulle nesten tru det. Men huset er så mykje i bruk, og det er så raske omskiftingar når det gjeld type bruk, at det er viktig å ha lett tilgang til bord og stolar. Den inste salen har fungert for mykje som stol- og bordlager. Rommet var eigentleg tenkt til undervisningsrom, og når vi no får vi eit eige lager, kan dette rommet brukast som planlagt,både som undervisnings- og møterom, eller som ein del av storsalen.



*Leif Grøteide, Bjørg Hellesøy og Ingmar Ljones i arbeid med innreiinga av det nye tilbygget.*

Det går framleis gjetord på bygda om dugnadsinnsatsen då kyrkjelydshuset vart bygd. Huset var budsjettert til 6,2 millionar, men ein brukte berre 3,2. Dugnadsinnsatsen og gunstige kjøp av varer og tenester var med andre ord verd 3 millionar kroner.
- Jo, det var tider det! Vi organiserte dugnadsgjengar som var i sving praktisk tala kvar dag og kveld i veka. Innsatsen til pensjonert byggmeister Trygve Romslo, som arbeidde her på dagtid saman med andre pensjonistar – heilt fram til dei andre dugnadsgjengane kom, var heilt uvurderleg.
Det gjeld også innsatsen til Ingolf Froestad og mange fleire, men vi kan ikkje ta med alle her. Alt er gjort på dugnad no òg, men det har ikkje vore så enkelt å få det til som sist. Og somme gonger har vi fått kommentarar om at vi har laga for mykje bråk for dei som har vore inni huset. "Ja, det har hendt at vi har "slått fast" det som har vore sagt frå talarstolen, på vår måte", smiler Ingmar Ljones.
Han opplyser at det var pengar nok til tett tilbygg og delvis innreiing. For å gjera tilbygget heilt ferdig må vi enten ta opp lån eller setja vår lit til glade gjevarar. Dei har stilt opp før, seier Ljones.
Ein reknar med at til 1. september er tilbygget så pass ferdig at ein kan ta i bruk iallfall delar av det.

***JKJ***

## *ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS*

*Kåre Bj. Hopes eftf.*

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

**Døgnvakt tlf. 55 24 08 08**

Står til teneste med alt ved dødsfall
i Arna, Osterøy og omegn.

**SAMDALS** **55 90 19 80 hele døgnet**

BYRÅ *Kommer også hjem for samtale.*

**JONSVOLLSGATEN 1** J. Teigland – M. Hamre

**as Sarepta Blomster**

INTERFLORA

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen blomsterdekoratørfaget*

**Solstrands** *BEGRAVELSESBYRÅ*

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i *Arna*
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

DØGNVAKT
**55 32 55 50**

*Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris*





## FØRERKORT KL. B

AKTIV TRAFIKK OPPLÆRING

– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører

**Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33**

ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

**VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS**

*Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.*
*Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til Gravferda. Vi leverer og gravmonument.*
Tlf. 56597470- mob.91179766
*Einar Mjelde*
*Tlf. privat 56597443*

*Frøydis* SALONGEN

**Garnesv. 108, 5234 Garnes**
**Tlf.: 55 39 01 40**
**Stedet for moderne og fagmessig hårdesign**
**Dame • Herre • Brudepynting**

**Fagkunnskap gir trygghet**
**10 % for pensjonister alle dager.**

**Kranser, buketter, oppsatser**

**TLF. 55 24 08 09**

**Espeland Gartneri**

**Arthur Hope**
Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

Din lokale storbank i Arna!

**Nordea**

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland A.S*
*Ur og Gullsmed*

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

**Solberg Elektro**

**AUT. ELEKTROINSTALLATØR**

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig, industri og service.
Gratis befaring, god service

**Telefon: 41809620**

# Velkomen til kyrkje

**Søndag 04.06.**
PINSEDAG
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp og nattverd
Takkoffer til Ungdom i Oppdrag.
**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Takkoffer til
Nordhordland indremisjon.

**Mandag 05.06.**
2. PINSEDAG
**BETANIA BEDEHUS. kl. 11:00**
ARNE MULEN Nattverd
**TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

**Søndag 11.06.2006**
TREEININGSSUNDAG
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd Takkoffer
til Arna kyrkjelyd/diakoni. Eldredag
**TAKVAM KAPELL. kl. 13:00**
LEIDULF ØY Dåp

**Søndag 18.06.**
2. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp Takkoffer til
Norsk Gideon Bibelmisjon.
**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Nattverd Eldredag

**Søndag 25.06.**
3. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Nattverd Takkoffer til
Arna kyrkjelyd/kyrkjelydsarbeid.

**Søndag 02.07.**
4. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Dåp Takkoffer til Det
hvite Bånd.

**Søndag 09.07.**
5. SUNDAG ETTER PINSE
**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Nattverd
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
Lekmannsgudsteneste ved Ingmar Ljones

**Søndag 16.07.**
6. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Nattverd Takkoffer til
Arna kyrkjelyd/ungdomsarbeid.

**Søndag 23.07.**
7. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp Takkoffer til
Sjelesorgsentret Haraldsplass.

**Lørdag 29.07.**
OLSOK
**TAKVAM KAPELL. kl. 19:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN M.FL

**Søndag 30.07.**
8. SUNDAG ETTER PINSE
**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd

**Søndag 06.08.**
9. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Dåp og nattverd
Takkoffer til Arna kyrkjelyd/kyrkjelydsar-
beid.

**Søndag 13.08.**
10. SUNDAG ETTER PINSE
**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Nattverd
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
AUDUN STØLÅS

**Søndag 20.08.**
11. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Dåp Takkoffer til Den
Norske Israelsmisjon.

**Søndag 27.08.**
12. SUNDAG ETTER PINSE
**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
JAN KÅRE JAKOBSEN Takkoffer til Arna
kyrkjelyd/dåpsopplæring.
Konfirmantpresentasjon
**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**
ARNE MULEN Konfirmantpresentasjon